



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
01.11.2013	65981/2013	Jane Anita Aspen

Saksnr	Utval	Møtedato
	Utdanningsutvalet Fylkesrådmannens tilråding Fylkesutvalet	

Høyring - Forslag til endringar i opplæringslov, privatskolelov og folkehøgskolelov

Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet har 06.09.13 sendt ut på høyring forslag til endringar i opplæringslov, privatskolelov og folkehøgskolelov. I høyringsnotatet vert det framlagt følgjande forslag til lovendringar:

- Presisere kravet om forsvarleg system for å følgje opp lovverket.
- Fjerne kravet om sakkunnig vurdering ved vedtak om inntil to år ekstra i vidaregåande opplæring for elevar med rett til særskilt språkopplæring.
- Lovfeste fylkeskommunen sitt ansvar for grunnskoleopplæring i fengsel.
- Heimel for Utdanningsdirektoratet si handsaming av personopplysningar frå grunnopplæringa.
- Fylkeskommunen si handsaming av personopplysningar i samband med inntak til vidaregåande opplæring, her under formidling av læreplassar.
- Krav om politiattest ved tilsetjing i folkehøgskole

Høyringsfrist er sett til 06.12.13.

Vurdering

Presisere kravet om forsvarleg system for å følgje opp lovverket

Forslaget meiner departementet skal å bidra til auka medvit, synleggjering og ansvarleg gjering av ansvar knytt til oppfølging av lovverket. Det skal vere dokumentert dersom eit ansvarsnivå har rapportert oppover at det ikkje er mogeleg å følgje opp innafor dei rammer som står til rådvelde. Ansvarsforholda for oppfølginga skal vere klargjort og oppfatta av dei ansvarlege på ulike nivå i organisasjonen. Systemet og oppfølgingspraksisen skal vere tilpassa dei risikoforholda ein står over for.

Vi meiner at det er viktig å synleggjere ansvar for rapportering oppover i linja dersom det ikkje vert stilt til rådvelde tilstrekkelege ressursar til å ivareta tildelte oppgåver.

Møre og Romsdal fylkeskommune er likevel i tvil om eit system med tilbakemelding og krav til dokumentasjon av tilbakemelding slik som det vert lagt opp til her er heldig. I dag har vi økonomirapportering frå skolane 4 gonger i året. Då melder skolane om venta meir/mindreforbruk. Dersom ein skole melder om venta mindreforbruk kan dette vere ein indikasjon på at dei tildelte ressursane ikkje er tilstrekkelege. Vi meiner dette systemet har fungert godt. Dersom eit slikt system er godt nok til å ivareta dei krava som vert satt fram i høyringsnotatet er dette ikkje problematisk.

Vi er likevel uroa for at ein no kan risikere å få eit system der «alle» vil forsøke å skaffe seg ekstra ressursar ved å rapportere at dei ressursane ein har fått tildelt ikkje er tilstrekkelege. Møre og Romsdal er mellom dei fylka som har best gjennomføring. Vi har god gjennomføring til trass for at KOSTRA-tal har vist at vi har hatt låge brutto driftsutgifter pr. elev. Dette har vi mellom anna fått til fordi vi har hatt låge administrasjonsutgifter. Vi har greidd å kanalisere ressursane ut i klasseromma. Vi er uro for om nye krav til system vil gjere at ein må nytte mykje tid til dialog mellom rektor og avdelingsleiarar for å avklare om dei tildelte ressursane er tilstrekkelege eller ikkje. På same vis kan fylkesrådmannen risikere å måtte bruke mykje tid på tilsvarande dialogar med skolane sine rektorar. Då kan ein fort risikere at ein må bruke ekstra ressursar til å registrere og dokumentere. Ressursar som i staden kunne vore nytta til undervisning.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar ikkje dei foreslåtte endringane i § 13-10 i opplæringslova, og meiner § 13-10 fungerer godt slik den er utforma i dag.

Fjerne kravet om sakkunnig vurdering ved vedtak om inntil to år ekstra i vidaregåande opplæring for elevar med rett til særskilt språkopplæring

Forslaget inneber forenkla sakshandsaming for ekstra tid i vidaregåande opplæring for elevar med rett til særskilt språkopplæring. Dagens praksis er at PPT må skrive sakkunnig vurdering før slikt enkeltvedtak kan fattast.

Vi meiner ikkje det er nødvendig med ei slik sakkunnig vurdering for denne elevgruppa, då behovet til desse elevane er knytt til språkopplæring og er basert på ei anna vurdering enn PPT elles gjer. Dette har soleis vore ei vanskeleg oppgåve for PPT, som har ført til meirarbeid og forseinking av sakshandsamingsprosessen. Det er skolane som likevel må gjere kartlegging og evaluering av kunnskapane til elevane. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner vi vil vere betre i stand til å vurdere behovet for utvida tid enn PPT.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar eit slikt forslag.

Lovfeste fylkeskommunen sitt ansvar for grunnskoleopplæring i fengsel

Forslaget inneber å endre opplæringslova slik at fylkeskommunen sitt ansvar for grunnskoleopplæring i fengsel følgjer direkte av lova.

Fylkeskommunen har etter opplæringslova § 13-3 fjerde ledd første punktum ansvaret for vidaregåande opplæring i fengsel. Av § 13-3 fjerde ledd anna punktum følgjer at departementet kan pålegge fylkeskommunen ansvar for «anna opplæring i fengsel». Grunnskoleopplæring er i følgje departementet slik «anna opplæring» som fylkeskommunen kan påleggast ansvaret for.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar eit forslag om å klargjere kva som ligg i «anna opplæring», men er i prinsippet usamd i at fylkeskommunen får ansvar for opplæring på grunnskoleområdet . Det er ressurskrevjande på mange måtar å drive opplæring på eit området som normalt er lagt til eit anna forvaltningsnivå.

Heimel for Utdanningsdirektoratet si behandling av personopplysningar frå grunnopplæringa

Forslaget går ut på å tydeleggjere det rettslege grunnlaget for handsaminga av personopplysningar frå grunnopplæringa som Utdanningsdirektoratet i dag gjer. Denne behandlinga utfører direktoratet på vegne av Kunnskapsdepartementet. Det vert ikkje foreslått nye registrer eller heimel som inneber innhenting av nye opplysningar samanlikna med i dag, berre tydeleggjering av det rettslege grunnlaget for dagens handsaming av personopplysningar.

Utdanningsdirektoratet si samanstilling av opplysningar knytt til opplæringssektoren er viktig grunnlag for planlegging, oppfølging og kvalitetssikring av arbeidet i fylkeskommunen.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar eit slikt forslag

Fylkeskommunen sin behandling av personopplysningar i samband med inntak til vidaregåande opplæring, her under formidling av læreplassar

Forslaget går ut på å presisere det rettslege grunnlaget for fylkeskommunane si handsaming av personopplysningar i samband med inntak til vidaregåande opplæring. Føremålet er å tydeleggjere at fylkeskommunen kan handsame dei naudsynte personopplysningane både lokalt og i eit felles inntakssystem, slik det vert gjort i dag.

Av personvernomsyn er det tett ein klar slettefrist for personopplysningar som er registrert i fylkeskommunen sitt felles inntaks- og administrasjonssystem.

Møre og Romsdal fylkeskommune var ein av to fylkeskommunar som var gjenstand for undersøkinga frå datatilsynet, som var med å avdekka at det mangla ein lovheimel for vår behandling av personopplysningar i samband med inntaket. Vi er difor nøgd med at dette no kjem på plass og sikrar oss grunnlag for det som vert gjort i dag og som er naudsynt for å oppfylle retten til vidaregåande opplæring.

Det som Møre og Romsdal fylkeskommune vil påpeike som vanskeleg er slettefristen for personopplysningar i inntaks- og administrasjonssystemet. Det er

slik at mange ungdommar som har brukt opp sin rett til vidaregåande opplæring likevel søker om vidaregåande opplæring. Dersom vi skal vere i stand til å vurdere søknad frå ein søkjar som tidlegare har brukt opp sin rett til vidaregåande opplæring, så er vi avhengig av å kunne ha desse opplysningane i systemet vårt. Dette er også nødvendig for å kunne gjennomføre eit rettferdig inntak for andre søkjarar.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget, men ønskjer at det vert tatt ut frå lovparagrafen setninga «Fylkeskommunen må slette opplysningane når den registrerte har brukt opp retten til vidaregåande opplæring jfr. § 3-1 og § 4A-3»

Innføre krav om politiattest ved tilsetjing i folkehøgskole (folkehøgskoleloven)

Dette gjeld folkehøgskolar og ikkje fylkeskommunar, vi har difor ikkje tatt stilling til dette.

Forslag til vedtak:

Fylkesutvalet støttar fylkesrådmannen sitt forslag til høyringssvar.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Sverre Hollen
fylkesutdanningssjef



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Møteprotokoll

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Rom 700, Fylkeshuset Molde
Dato: 25.11.2013
Tid: 10:30
Protokoll nr: 14/13

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Aasen	Leiar	AP
Gunn Berit Gjerde	Nestleiar	V
Toril Melheim Strand	Medlem	AP
Toril Røsand	Medlem	H
Anne Dyb Liaaen	Medlem	H
Torgeir Dahl	Medlem	H
Oddbjørn Vatne	Medlem	SP
Frank Sve	Medlem	FRP
Margareth Hoff Berg	Medlem	FRP
Steinar Reiten	Medlem	KRF
Iver G. Nordseth	Medlem	V
Randi Karin Asbjørnsen	Medlem	SL/TVP
Torleiv Rogne	Medlem	UAVH

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
-------------	-----------------	----------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
-------------	------------------	----------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ottar Brage Guttelvik	Fylkesrådmann
Ole Helge Haugen	Fylkesplansjef
Inger Johanne Moene	Informasjonssjef
Guri Bugge	Miljøkoordinator
Per Olav Brækkan	Byggje- og vedlikehaldssjef
Bengt Endreseth	Seksjonsleiar
Anders Røynstrand	Rådgivar

Sekretariat:

Namn	Stilling
Robert Løvik	rådgivar
Ann Torill Vaksvik	konsulent

Møtet tok til kl. 10.30 på Fylkeshuset, møterom 700, under leiing av fylkesordfører Jon Aasen.

13 voterande.

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Fylkesordføraren orienterte om at det vil bli møte i fylkesutvalet under fylkestingssamlinga i desember.

Saklista vart godkjent med følgjande tillegg/endingar:

Frank Sve (FrP) uttrykte ønskje om orientering om fylkeskommunen sitt høve til bruk av motsegn i plansaker.

Torgeir Dahl (H) stilte spørsmål om framdrift i sak om brannsikring av Fannefjordtunnellen (jf vedtak i fylkestinget i oktober 2013). Fylkesrådmannen sa at orientering om dette vil bli gjeve under møtet tysdag 26. november.

Steinar Reiten (KrF) stilte spørsmål om kvar i budsjettet ein finn etablering av fond på 100 mill. til tiltak i bysentra, som fylkesrådmannen har føreslått. Fylkesrådmannen sa at det var omtalt i budsjettokumentet, men at det i tilfelle tilslutning til dette vil kome eiga sak for fylkestinget i april.

Frank Sve (FrP) etterlyste teknisk hjelp etter oppgradering av e-postadresser i overgangen til Outlook.

Orientering:

Fylkesutvalet blei orientert om gassferjeteknologi. Dei som deltok var programansvarlig Vilmar Æsøy frå Høgskolen i Ålesund, salgssjef Matias Mork frå Rolls Royce, salgssjef Odd Magne Horgen frå Rolls Royce og salgssjef frå Fiskerstand Verft AS.

Orienteringa ga ikkje grunnlag for å fatte vedtak.

Saksnr	Innhold
U-145/13	Program for fylkestinget i Molde 9. - 11. desember 2013
U-146/13	Søknad om økonomisk støtte til frivillige lag, organisasjonar og foreiningar 2013
U-147/13	Forslag til kandidatar - Innovasjon Norge sitt hovudstyre
U-148/13	Lovfesting av medverknadsordning for ungdom - høyrings svar
U-149/13	Rauma kommune - reguleringsplan for Måsvatnet hyttefelt - motsegn
U-150/13	Regional delplan for villrein - Ottadalen - framlegg til 2. gongs offentlege ettersyn med handlingsprogram
U-151/13	Framlegg til endringar i plan- og bygningslova - fråsegn til høyring
U-152/13	Høyring Søknad om dispensasjon frå vilkår for

	konsesjon for bruk av reservegasskraftverket på Nyhamna
U-153/13	Høyring Søknad om utvida utsleppsløype for reservekraftverka på Nyhamna og Tjeldbergodden i Møre og Romsdal
U-154/13	Ålesundstrukturen - Samarbeid om ny storhall i Spjelkavika
U-155/13	Høyring - Forslag til endringar i opplæringslov, privatskolelov og folkehøgskolelov
U-156/13	Tilskotsprogram for skredsikringsprogram på fylkesveg, og samanhengande utbygging av Røyr-Hellesylt
U-157/13	Fræna tannklinikk – funksjonsprogram
U-158/13	Søknad om prosjektmidlar til Tustna Folkehøgskole
RS-30/13	KLP: Ny pensjonsordning for folkevalgte fra 1. januar 2014
RS-31/13	Rauma kommune - bygging av Kavlifoss minikraftverk - Rauma Energi AS - fråsegn ved høyring av konsesjonssøknad
RS-32/13	Fræna kommune - bygging av Malme og Røshol kraftverk - fråsegn ved høyring av konsesjonssøknad
RS-33/13	Svar på innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune om finansieringsmodellen for helseføretak i Helse Midt-Norge RHF
RS-34/13	Protokoll frå samferdselsutvalet 11.11.13
RS-35/13	Protokoll frå kultur- og folkehelseutvalet 11.11.13
RS-36/13	Protokoll frå regional- og næringsutvalet 11.11.13
RS-37/13	Protokoll frå utdanningsutvalet 11.11.13

U 145-13 Program for fylkestinget i Molde 9. - 11. desember 2013

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 25.11.2013

Programmet for fylkestingsamlinga i Molde i desember 2013 blir fastsett slik det går fram av saksframlegget.

U 146-13 Søknad om økonomisk støtte til frivillige lag, organisasjonar og foreiningar 2013

Behandling i fylkesutvalet - 25.11.2013

Anne Dyb Liaaen (H) fremma følgjande endringsforslag på vegner av H, FrP og KrF:

«Natur og ungdom: Kr 10.000,-
SOS Barnebyer: Kr 15.000,-.»

Votering:

Det vart votert alternativt mellom forslaget frå fylkesrådmannen og forslag til endring fremma i møtet. Forslaget fremma av Anne Dyb Liaaen blei samrøystes vedtatt.

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 25.11.2013

Møre og Romsdal fylkeskommune gjer følgjande tildeling for 2013:

- Redningsselskapet kr 65.000,-
- Møre og Romsdal Natur og Ungdom kr 10.000,-
- LHL Møre og Romsdal kr 10.000,-
- SOS- barnebyer kr 15.000,-

Finansiering: blir dekt over post for økonomisk støtte.

U 148-13 Lovfesting av medverknadsordning for ungdom - høyrings svar

Behandling i fylkesutvalet - 25.11.2013

Torleiv Rogne (Uavh) fremma følgjande endringsframlegg:

«Øvre aldersgrense bør ikkje vere høgare enn 20 år»

Votering:

Torleiv Rogne sitt endringsforslag fekk 1 røyst og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart vedteke mot 1 røyst (KrF)

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 2 til og med pkt. 10 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Fylkesutvalet - 25.11.2013

Møre og Romsdal fylkeskommune synest det er positivt at ungdomsmedverknadsorgan i kommunar og fylkeskommunar blir lovfesta. Det er også bra at dei kommunane/fylkeskommunane som har funne fram til gode løysingar skal kunne halde fram med desse også etter ei lovfesting. Vi opplever at den ordninga vi har med Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet har fungert godt.

Møre og Romsdal fylkeskommune har følgjande innspel til innføring av lovfesta ungdomsmedverknadsorgan:

1. Ungdomsmedverknadsorganet bør først og fremst vere eit rådgivande organ, men kan ha avgjerdsmynde på avgrensa område etter delegering frå fylkestinget/kommunestyret.
2. Ungdomsmedverknadsorganets leiar kan ha innstillingsrett i saker til medverknadsorganet som medlemene i organet sjølv har førebudd. I saker som administrasjonen legg fram, bør fylkesrådmannen/rådmannen ha innstillingsrett.
3. På lik linje med det som gjeld for andre rådgivande utval, bør vedtaka i ungdomsmedverknadsorganet behandlast som høringsinnspel som blir formidla vidare til det folkevalte organet som skal avgjere saka.
4. Det følgjer av prinsippet om demokratiopplæring at medlemene i ungdomsmedverknadsorganet bør ha tilnærma same rettane som dei folkevalte. Eit minimum er at ungdom ikkje skal tape noko på deltaking i medverknadsorganet.
5. Ungdomsmedverknadsorganet sitt arbeidsområde bør ikkje avgrensast til saker der ungdom er særleg berørt. Organet bør stå fritt til å fatte uttaler på alle samfunnsområde som interesserer ungdom.
6. Av omsyn til den rolla som fylkeskommunen har som koordinator for dei kommunale ungdomsråda, er det ein fordel at det regionale ungdomsmedverknadsorganet får representantar frå alle kommunane i fylket.

7. Valet av medlemmer til det kommunale medverknadsorganet må skje så demokratisk som mogleg, der alle får sjanse til å fremje sitt kandidatur. God administrativ tilrettelegging er viktig for å få ei brei rekruttering.
8. For å sikre kontinuitet i arbeidet, bør medlemene veljast for to år, der halvparten blir skifta ut kvart år. Det er også nyttig å ha ei felles varaliste for medlemene.
9. Nedre aldersgrense bør setjast slik at også ungdomskoleelever blir representert. Øvre aldersgrense bør vere høgare enn 18 år. Det kan vere ulik aldersgrense for ungdomsmedverknadsorgan i kommunane og i fylkeskommunane, då dei har ulike målgrupper for sine tenester.
10. Medlemmer i ungdomsmedverknadsorgan bør ha bustadadresse i kommunen/fylket.

U 149-13 Rauma kommune - reguleringsplan for Måsvatnet hyttefelt - motsegn

Behandling i fylkesutvalet - 25.11.2013

Torleiv Rogne (Uavh) fremma følgjande forslag:

«Motsegn om forlenging av veg vert trekt».

Toril Melheim Strand (AP) fremma følgjande forslag:

«Fylkesutvalet stadfester motsegn til reguleringsplan for Måsvatnet hyttefelt. Bygging av ny køyreveg medfører direkte tap av inngrepsfri natur og er i strid med *Fylkesdelplan for inngrepsfri natur*. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen og Rauma kommune drøfte ei justert plassering for hyttetomtene T1-T4 og ein betre tilpassa/forkorta veg med sikte på at motsegna kan trekkast på desse punkta».

Votering:

Torleiv Rogne sitt forslag fekk 6 røyster (Uavh, KrF, FrP, Sml og SP) og fall, 7 røysta mot.

Forslaget frå fylkesrådmannen fekk 4 røyster (V og 2H) og fall, 9 røysta mot.

Toril Melheim Strand sitt forslag vart vedteke med 11 mot 2 røyster (FrP).

Vedtak i fylkesutvalet - 25.11.2013

Fylkesutvalet stadfester motsegn til reguleringsplan for Måsvatnet hyttefelt. Bygging av ny køyreveg medfører direkte tap av inngrepsfri natur og er i strid med *Fylkesdelplan for inngrepsfri natur*. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen og Rauma kommune drøfte ei justert plassering for hyttetomtene T1-T4 og ein betre tilpassa/forkorta veg med sikte på at motsegna kan trekkast på desse punkta.

Møtet blei no heva for lunch og gruppemøter. Møtet blei sett igjen 26. november utan endring i møtande medlemmer.

U 150-13 Regional delplan for villrein - Ottadalen - framlegg til 2. gongs offentlege ettersyn med handlingsprogram

Anne Dyb Liaaen (H) fekk permisjon under denne saka – 12 voterande.

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Fylkesutvalet legg revidert forslag til *Regional delplan for villrein – Ottadalen (Regional plan for Ottadalsområdet)* ut til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn. Merknadsfrist blir sett til 1. februar 2014.

Anne Dyb Liaaen (H) tok plass igjen – 13 voterande.

U 147-13 Forslag til kandidatar - Innovasjon Norge sitt hovudstyre

Behandling i fylkesutvalet - 26.11.2013

Steinar Reiten (KrF) fremma følgjande forslag på vegne av seg sjølv, Anne Dyb Liaaen (H) og Frank Sve (FrP):

«Som kandidat til hovudstyret i Innovasjon Norge blir foreslått Njål Sævik, Herøy»

Toril Melheim Strand (AP) fremma følgjande forslag:

«Som kandidat til hovudstyret i Innovasjon Norge blir foreslått Gunn Berit Gjerde.»

Votering:

Forslag fremma i møtet blei samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Som kandidatar til hovudstyret i Innovasjon Norge blir foreslått:

- Njål Sævik
- Gunn Berit Gjerde

U 151-13 Framlegg til endringar i plan- og bygningslova – fråsegn til høyring

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Fylkesutvalet stør forslaget om lovendringar slik det er fremma, og viser til at dette vil vere tenleg både for private tiltakshavarar og for forvaltinga lokalt og regionalt.

U 152-13 Høyring Søknad om dispensasjon frå vilkår for konsesjon for bruk av reservegasskraftverket på Nyhamna

Behandling i fylkesutvalet - 26.11.2013

Gunn Berit Gjerde (V) fremma følgjande forslag:

«Dagens dispensasjon vert lengd til Sogndal/Ørskog er sett i drift.

I staden for utvida løyve for drift av reservekraftverk på Nyhamna, vil Møre og Romsdal fylkeskommune ha bygt eit fullskala pilotprosjekt for gasskraftverk med CO2 reinsing i fylket.»

Votering:

Det blei votert alternativt mellom fylkesrådmannen sitt forslag og forslaget fremma av Gunn Berit Gjerde. Fylkesrådmannen sitt forslag blei vedteke med 10 røyster, forslag fremma av Gunn Berit Gjerde fekk 3 røyster (V og Krf) og fall.

Vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Møre og Romsdal fylkeskommune vil gje slik uttale:

- Det blir gjeve dispensasjon for bruk av reservekraftverket på Nyhamna ved alle planlagde og ikkje planlagde hendingar som fører til utkobling av forsyning fram til Nyhamna.
- Dispensasjon blir gjeve til N-1 løysing, eller anna tilfredsstillande forsyningsløysning er på plass.
- Bygginga av ny overføringsline Sogndal Ørskog må kome på plass i samsvar med oppsett tidsplan

Stein Reiten (KrF) fekk permisjon - 12 voterande.

U 153-13 Høyring Søknad om utvida utsleppsløyve for reservekraftverka på Nyhamna og Tjeldbergodden i Møre og Romsdal

Behandling i fylkesutvalet - 26.11.2013

Gunn Berit Gjerde (V) fremma følgjande forslag:

«Møre og Romsdal fylke meiner dagens løyve kan bli lengd til 31.des 2016 på same vilkår som tidlegare.

Siste avsnitt som tilrådinga.

I staden for utvida løyve for drift av reservekraftverk på Nyhamna, vil Møre og Romsdal fylkeskommune ha bygt eit fullskala pilotprosjekt for gasskraftverk med CO2 reinsing i fylket.»

Votering:

Det blei votert alternativt mellom fylkesrådmannen sitt forslag og forslaget fremma av Gunn Berit Gjerde. Fylkesrådmannen sitt forslag blei vedteke med 10 røyster, forslag fremma av Gunn Berit Gjerde fekk 2 røyster (V) og fall.

Vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Møre og Romsdal fylkeskommune ser alvorleg på kraftsituasjonen i Møre og Romsdal og føreset at det blir gitt utsleppsløyve inntil Ørskog - Sogndal lina er på plass.

Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at det blir gitt utsleppsløyve for reservekraftverket på Nyhamna for drift ved både planlagte og ikkje planlagte hendingar på 420 kV lina frå Viklandet til Nyhamna heilt fram til N-1 løysing, eller anna tilfredsstillande forsyningsløysing er på plass.

Steinar Reiten (Krf) tok plass igjen - 13 voterande.

U 154-13 Ålesundstrukturen - Samarbeid om ny storhall i Spjelkavika

Behandling i fylkesutvalet - 26.11.2013

Frank Sve (FrP) fremma følgjande forslag:

«Saka blir utsett»

Forslag fremma av Frank Sve vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Saka blir utsett

U 155-13 Høring - Forslag til endringar i opplæringslov, privatskolelov og folkehøgskolelov

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Fylkesutvalet støttar fylkesrådmannen sitt forslag til høyringsvar.

U 156-13 Tilskotsprogram for skredsikringsprogram på fylkesveg, og samanhengande utbygging av Røyr-Hellesylt

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Røyr-Hellesylt er øvste prioritet av skredsikringsprosjekta på fylkesveg i Møre og Romsdal, jamfør T-84/12. Prosjektet er klart til utlysning, det føreligg godkjent reguleringsplan og det er gjennomført kostnadsoverslag i samsvar med anslagsmetoden.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at planleggingsramma for skredsikring av fylkesveggar i Møre og Romsdal for perioden 2014-2017 vert auka til 602 millionar kroner, for at byggjesteget 3 Røyr-Hellesylt kan gjennomførast som eit samanhengande prosjekt slik at heile vegstrekninga kan verte skredsikra.

U 157-13 Fræna tannklinikk - funksjonsprogram

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Fylkesutvalet godkjenner framlagt funksjonsprogram som grunnlag for planlegging av ny tannklinikk i Fræna.

U 176-13 Søknad om prosjektmidlar til Tustna Folkehøgskole

Behandling i fylkesutvalet - 26.11.2013

Votering:

Fylkesrådmannen sitt forslag blei vedteke med 11 røyster mot 2 røyster (FrP).

Vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Møre og Romsdal fylkeskommune tildeler kr 125 000 til Tustna Folkehøgskole AS for kvalitetssikring av søknaden til Kunnskapsdepartementet.

Tildelinga blir dekt frå fylkesutvalet sin reservepost. Til rest etter tildelinga er kr 580 000.

RS 30-13 KLP: Ny pensjonsordning for folkevalgte fra 1. januar 2014

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Saka blir tatt til orientering

RS 31-13 Rauma kommune - bygging av Kavlifoss minikraftverk - Rauma Energi AS - fråsegn ved høyring av konsesjonssøknad

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Saka blir tatt til orientering

RS 32-13 Fræna kommune - bygging av Malme og Røshol kraftverk - fråsegn ved høyring av konsesjonssøknad

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Saka blir tatt til orientering.

RS 33-13 Svar på innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune om finansieringsmodellen for helseføretak i Helse Midt-Norge RHF

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Saka blir tatt til orientering

RS 34-13 Protokoll frå samferdselsutvalet 11.11.13

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 26.11.2013

Saka blir tatt til orientering

RS 35-13 Protokoll frå kultur- og folkehelseutvalet 11.11.13

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 25.11.2013

Saka blir tatt til orientering

RS 36-13 Protokoll frå regional- og næringsutvalet 11.11.13

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 25.11.2013

Saka blir tatt til orientering

RS 37-13 Protokoll frå utdanningsutvalet 11.11.13

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 25.11.2013

Saka blir tatt til orientering

Kunnskapsbasert kraftutbygging i Stordalsvassdraget – eit pilotprosjekt

Fylkesordføraren fekk samrøystes tilslutnad for at det skal utarbeidast ein uttale i saka. Uttalen skal sendast til medlemmane i fylkesutvalet før utsending.

Møtet slutt 15.20